



Camilla og Tone har eit fruktbart samarbeid. Sindre Aksnes sit i bakgrunnen mellom dei to

Eigentleg er det svært imponerende kva Kvinnherad rår over av sang- og musikk talentar. Det er ein av konklusjonane etter romjulsconcerten til inntekt for kyrkja i Rosendal ikveld.

Også 2 uskedelingar gjorde seg der sterkt gjeldande - det var Sindre Aksnes på perkusjon og Camilla Myklebust med sang. Ikkje minst gjorde det inntrykk kva det tette samarbeidet mellom henne og Tone Hellesøy har gjeve som resultat

Den første songen Camilla framførte og som var eit potpourri over julesongar fekk det verkeleg til å svinga i middelalderkyrkja som var nesten fullsett.

Men så hadde da også den muntre og alltid like slagferdige programleiar Arne Torget eit slåande namneforslag: Kvinnherad Energi. Eit anna døme på Torget sin kreative ordleik var dette: Fredheim serverar ein fløyteskvett!

Camilla hadde også det Torget kalla ein sprek sekvens saman med Tone. Det omfatta både direkte bibelsitatar og improvisasjon.

Konserten hadde fleire høgdepunkt som kalte fram trampeklapp. Eit av dei var ikkje overraskande Sebastian Torjusens tubanummer og eit anna Reis meg opp ved Roger S.Dalland.

I ein noko uvanleg tolking av White Christmas fekk Sindre Aksnes demonstrert noko av det han er god for.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Camilla med flinke musikarar fekk det til å svinga i middelalderkyrkja